

# DELEGERING AV AVGJERDSMYNDE



STORD  
KOMMUNE



Frå rådmannen til einingsleiarane.

Endringar:

- 17.02.11 (PS 10/11) (2008/1882)
- 16.06.11 (PS 42/11) (2008/1882)
- 16.02.12 (PS 11/12) (2012/434)
- 14.02.13 (PS 08/13) (2012/434)
- 13.02.14 (PS 07/14) (2012/434)
- 12.02.15 (PS 06/15) (2012/434)
- 25.02.16 (PS 03/16) (2016/264)

Stad:.....*Stord*..... Dato:.....*9/3-2016*.....

.....*Magnus Myrnes*.....  
Rådmann



16

## Innhald

<b>1. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE.....</b>	<b>3</b>
<b>2. DELEGERING TIL RÅDMANNEN.....</b>	<b>4</b>
2.1. Mynde som ikkje er heimla i lov:.....	4
2.2. Alkoholloven.....	6
2.3. Barnehagelova.....	6
2.4. Barnevernloven.....	7
2.5. Brann- og eksplosjonsvernloven.....	7
2.6. Eierseksjonsloven.....	8
2.7. Film og videogramlova.....	8
2.8. Folkehelseloven.....	8
2.9. Forurensingsloven.....	9
2.10. Friluftsløva.....	11
2.11. Gravferdsloven.....	11
2.12. Havne- og farvannsloven.....	11
2.13. Helse- og omsorgstjenesteloven.....	11
2.14. Introduksjonsloven.....	12
2.15. Jordlova.....	13
2.16. Kommuneloven.....	13
2.17. Konesesjonsloven.....	13
2.18. Kulturminneloven.....	14
2.19. Lakse- og innlandsfiskelova.....	14
2.20. Matrikkellova.....	14
2.21. Motorferdsellova.....	14
2.22. Naturmangfoldloven.....	14
2.23. Opplæringslova.....	15
2.24. Plan- og bygningsloven.....	16
2.25. Serveringsloven.....	17
2.26. Skogbrukslova.....	17
2.27. Smittevernloven.....	17
2.28. Sosialtjenesteloven (NAV).....	18
2.29. Straffeloven.....	19
2.30. Tobakkskadeloven.....	19
2.31. Veglova.....	19
2.32. Vegtrafikkloven.....	19
2.33. Viltloven.....	20

# 1. GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

For all utøving av delegert mynde gjeld følgjande generelle reglar:

1. All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ og innanfor gjevne budsjettrammer og -føresetnader.
2. Politiske utval kan, dersom ikkje anna går fram av lov eller forskrift, gje rådmannen fullmakt til å avgjera einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av "prinsipiell betydning", jf. kommunelova § 23 nr. 4.
3. Med mindre anna er sagt kan rådmannen vidaredelegera mynde til underordna. All delegering av mynde skal vera skriftleg.
4. Eit overordna politisk organ eller rådmannen kan innanfor rammene av forvaltningslova § 35 på eige initiativ gjera om eit underordna organ eller medarbeidar sitt vedtak. Tilsvarande kan eit overordna politisk organ eller rådmannen krevja å få ei sak som skal avgjerast av eit underordna organ/medarbeidar til avgjerd eller uttale.
5. Mynde som gjeld forvaltning av kommunen som likviditet og gjeld (finansportefølgje) er delegert til rådmannen gjennom Økonomireglementet for Stord Kommune, vedteke i Kommunestyret 16.09.10, sak: 59/2010.
6. Mynde som gjeld plassering av kommunen sin likviditet, er delegert til rådmannen gjennom Finansreglementet for Stord kommune, vedteke i Kommunestyret 17.06.10, sak: 44/2010.
7. Mynde som gjeld barnevern er delegert til rådmannen. Det vert her vist til samarbeidsavtale for interkommunal barnevernteneste (SIB) inngått mellom kommunane Fitjar, Bømlo og Stord, med Stord som vertskommune. Avtalen gjaldt frå 01.01.08. Vertskommunesamarbeidet er heimla i kommunelova § 28-1 a-k. Samarbeidet skal forankrast både i § 28-1 a og b. Avtalen vert forankra i § 28-1 e. Stord kommune ved rådmannen får delegert all mynde (rettar og plikter) til utøving av lov om barneverntenester av 20.06.92. nr. 100 frå dei andre to kommunane. Rådmannen kan vidare delegera dette myndet, jf. samarbeidsavtalen § 2.
8. Mynde som gjeld landbruks- og miljøraker er delegert til rådmannen med instruks om vidare delegasjon til rådmannen i vertskommunen Fitjar. Det interkommunale samarbeidet mellom Fitjar og Stord innan landbruk og miljø er vidareført i medhald av kommunelova § 28-1 b), administrativt vertskommunemodell, med Fitjar som vertskommune og Stord som samarbeidskommune. Vidareført i kommunestyret 21.06.12, PS 50/2012.
9. Rådmannen har fullmakt til å gjera det han/ho finn naudsynt ved ei eventuell krise/katastrofe, jf. Beredskapsplan for administrasjonen i Stord kommune. Rådmannen skal leggja fram for fyrste formannskap kva disposisjonar som er gjort i tråd med denne fullmakta.
10. Den som har fått delegert avgjerdsmynde, plikter å opplyse i vedtaket kor avgjerdsmynde er heimla. Døme: *"Rektor si fullmakt til å gjera enkeltvedtak etter opplæringslova går fram av Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå rådmannen til einingsleiarane, pkt. 2.21.13."*
11. Den som har fått delegert avgjerdsmynde, plikter å kontrollere om det har skjedd endringar i lovgrunnlaget før vedtak vert fatta. Dersom det har skjedd endringar i lovgrunnlaget, plikter den som har fått delegert avgjerdsmynde å varsle rådmannen skriftleg om endringane. Varslet skal skje utan ugrunna opphald.

## 2. DELEGERING TIL RÅDMANNEN

Politiske organ og utval kan, dersom ikkje anna går fram av lov eller forskrift, gje rådmannen fullmakt til å avgjera einskildsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell verdi, jf. kommunelova § 23, nr. 4. Om kva som er av prinsipiell verdi, seier Ot.prp. nr. 42 (91-92) m.a. følgjande.

*"Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut frå vedtakets karakter og konsekvenser og ut frå kommunenes størrelse, men også ut frå en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen, å anses klarlagt gjennompolitiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis."*

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak er av prinsipiell verdi, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.

Med mindre anna er sagt kan rådmannen delegere vidare mynde til underordna. All delegering av mynde skal vera skriftleg.

Rådmannen har fått delegert mynde i Reglement om delegasjon av avgjerdsmynde frå Kommunestyret til rådmannen og andre folkevalde organ, datert 17.02.10.

Rådmannen delegerer vidare følgjande mynde til einingsleiarane (\* betyr at mynde kan delegerast vidare):

### 2.1. Mynde som ikkje er heimla i lov:

<b>2.1.1. Tilsetjing/oppseiing</b> Å tilsetja og seie opp i alle stillingar med unntak av rådmann	Tilsetjingsråd
<b>2.1.2. Arbeidsmarknadstiltak</b> Å oppretta eller leggja ned sysselsettingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan	Leiar for personal
<b>2.1.3. Tingingar med arbeidstakarorganisasjonane</b> Å forhandla og godkjenne protokollar frå alle lokale lønsforhandlingar som er heimla i den til ei kvar til gjeldande Hovudtariffavtale. Dette mynde omfattar likevel ikkje lokale lønsforhandlingar for rådmannen, kommunalsjefar og personalsjef	Personalsjef eller strategisk leiing v/ein av kommunalsjefane
<b>2.1.4. Inngå rammeavtalar</b> Å inngå rammeavtalar, herunder kjøps- og rammeleigeavtalar m.m. (overordna avtalar mellom kommune og leverandør). Inngåing av leigeavtalar med varigheit utover økonomiplan perioden vert ikkje delegert.	Vert ikkje delegert
<b>2.1.5. Inngåing av enkeltstående kjøps- og leigeavtalar</b> Å inngå enkeltstående kjøps- og leigeavtalar m.m., innanfor dei rammer som ligg i årsbudsjett og økonomiplan. Leigeavtalar (unntak for bustader) med varigheit utover økonomiplanperioden vert ikkje delegert.	Einingsleiarar
<b>2.1.6. Støtte til næringsformål</b> Å løyva midlar frå Stord kommunale Næringsfond til ymse næringsføremål, jf. vedtekter for Stord kommunale næringsfond, vedteke av Stord kommunestyre 23.05.96.	Vert ikkje delegert
<b>2.1.7. Tilskot til livssyns- og trdomssamfunn</b> Å berekne tilskot og fatta vedtak i søknader om tilskot til livssyns- og trussamfunn.	Leiar for Kundetorg*
<b>2.1.8. Opptak av born i Stord kulturskule</b> Å fatta vedtak om opptak av born i Stord kulturskule	Rektor ved Stord kulturskule
<b>2.1.9. Utleige av skular, barnehagar m.m.</b> Å ta avgjer i saker innanfor opplæringslova og barnehagelova sine rammer vedk. utleige av skular, barnehagar m.m.	Rektor/ styrar ved aktuell eining
<b>2.1.10. Tildeling av kulturmidlar i samsvar med retningslinjer</b> Å tildele kulturmidlar og gje garantiar i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer	Leiar for Kulturtenester*
<b>2.1.11. Løyve til torghandel m.m.</b> Å gje løyve til personar som vil drive handel frå offentleg stad, herunder frå torg, gater, bryggjer m.m. der kommunen eig grunnen	Leiar for Kundetorg*
<b>2.1.12. Vedtak om ledsagerbevis</b> Å gjere vedtak om utsteding av ledsagerbevis	Leiar for Kundetorg*

<p><b>2.1.13. Tildeling av kommunale husvære</b> Å tildele kommunale husvære, jf. <a href="#">Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad</a></p>	Leiar for Kundetorg*
<p><b>2.1.14. Tildeling av lån og tilskot, fastsett av statlege organ</b> Å fatte vedtak om startlån/tilskot og eventuelt klagesaker etter reglar fastsett etter statlege organ, her Husbanken</p>	Leiar for Kundetorg*
<p><b>2.1.15. Fastsetjing av husleiger</b> Å rekne ut og fastsetje husleige for kommunale husvære i samsvar med føringar vedteke i årlege budsjett m.m. og i samsvar med reglar fastsett i husleigelov og liknande.</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.16. Utkasting frå kommunale utleigehus</b> Å setja fram krav om utkasting frå kommunale utleigehus og utleigeareal, i dei høve leigetakar har misleghalde husleigeavtalar og andre avtalar</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.17. Avståing/sal av kommunale areal og/eller bygg (PS 81/11)</b> Å avstå (selja) kommunale areal og/eller bygg med verdi inntil kr 3 mill.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føresetnad for dette er at det vert lagt fram eiga sak til kommunestyret for alle aktuelle eigedomar (tilsvarande formannskapssak 31/09), for endeleg avgjersle om eventuelt sal</li> <li>• Sal og kjøp av bustader skal gjennomførast innanfor rammene av gjeldande bustadsosiale handlingsplan</li> </ul> <p>Stord eigedom KF har ikkje avgjerdsmynde i høve til sal av føremålsbygg, kommunaltekniske anlegg til bruk innanfor tenesteområde veg, vatn og avlaup og areal og bygg som vert disponert av Stord hamn</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.18. Kjøp av areal og/eller bygg</b> Å kjøpe areal og/eller bygg med verdi inntil kr 3 mill.</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.19. Representasjon på kommune sine vegne i nabo- og vegvistar</b> Å opptre på kommunen sine vegne i nabo- og vegvistar vedrørende hamne- og vegareal, samt areal knytt til kommunalteknisk anlegg/eigedom</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.20. Representasjon på kommunen sine vegne i oppmålingsforretningar</b> Å møte og opptre på kommunen sine vegne ved oppmålingsforretningar i høve til kommunale areal, med unnatak av veg- og hamneareal, samt areal knytt til kommunalteknisk anlegg/eigedom</p>	Leiar for eigedom*
<p><b>2.1.21. Avståing/sal av kommunale areal og/eller bygg (PS 81/11)</b> Å avstå (selja) kommunale areal og/eller bygg med verdi inntil kr 3 mill., som er skaffa til vege i samband med kommunaltekniske anlegg og betalt med midlar frå KF vatn og avlaup</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føresetnad for dette er at det vert lagt fram eiga sak til kommunestyret for alle aktuelle eigedomar (tilsvarande formannskapssak 31/09), for endeleg avgjersle om eventuelt sal</li> </ul>	Leiar for vatn- og avlaup*
<p><b>2.1.22. Kjøp av areal og eller bygg</b> Å kjøpe areal og/eller bygg med verdi inntil kr 3 mill.</p>	Leiar for vatn- og avlaup*
<p><b>2.1.23. Representasjon på kommune sine vegne i nabo- og vegvistar</b> Å opptre på kommunen sine vegne i nabo- og vegvistar i høve til areal knytt til kommunalteknisk anlegg/eigedom</p>	Leiar for vatn- og avlaup*
<p><b>2.1.24. Representasjon på kommunen sine vegne i oppmålingsforretningar</b> Å møte og opptre på kommunen sine vegne ved oppmålingsforretningar i høve til kommunale areal knytt til kommunalteknisk anlegg/eigedom</p>	Leiar for vatn- og avlaup*
<p><b>2.1.25. Representasjon på kommunen sine vegne i oppmålingsforretningar</b> Å møte og opptre på kommunen sine vegne ved oppmålingsforretningar i høve til vegareal</p>	Leiar for vatn- og avlaup*

<b>2.1.26. Representasjon på kommune sine vegne i nabo­vistar</b> Å opptre på kommunen sine vegne i nabo­forhold, vedrørande vegareal	Leiar for vatn- og av­laup*
--	-----------------------------

## 2.2. Alkoholloven

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.89 nr. 27

<a href="#">§ 1-7c):</a>	<b>2.2.1. Godkjenning av personar ved styrarskifte</b> Å fatta vedtak om godkjenning av personar ved styrarskifte. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*
<a href="#">§ 1-8:</a>	<b>2.2.2. Mellombels inndraging av løyve</b> Å fatta vedtak om inndraging av skjenkeløyve. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*
<a href="#">§ 4-4:</a>	<b>2.2.3. Løyve for kortare periode</b> Å fatta vedtak om skjenkeløyve for ein kortare periode. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*
<a href="#">§§ 4-2, 2 ledd og 4-5:</a>	<b>2.2.4. Løyve i slutta lag</b> Å fatta vedtak om skjenkeløyve i slutta lag. Å fatte vedtak om utviding bevilgning til å omfatte innførsel av alkoholholdig drikk for skjenking i eigen verksemd. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*
<a href="#">§§ 4-2, 3 ledd:</a>	<b>2.2.5. Utvida bevilling</b> Å fatte vedtak om å utvide bevillinga til å omfatte tilverking av alkoholholdig drikk som ikkje er brennevin, eller til innførsel av slik alkoholholdig drikk som bevillinga gjeld, for skjenking i eigen verksemd. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*
<a href="#">§ 4-5:</a>	<b>2.2.6. Løyve ved einskild høve (ambulerande sjenkeløyve)</b> Å fatte vedtak om skjenkeløyve. Vedtak skal fattast i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for Stord kommune datert 22.03.12.	Leiar for Kundetorg*

## 2.3. Barnehagelova

Lov om barnehager av 17.06.05. nr 64

<a href="#">§ 10:</a>	<b>2.3.1. Godkjenning av barnehagar</b> Å fatta avgjerd i søknad om godkjenning etter ei vurdering av "barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2", Delegasjonen gjeld både ordinære barnehagar og familiebarnehagar (jf. <a href="#">FOR-2005-12-16-1555.</a> )	Barnehagefagleg rådgjevar
<a href="#">§ 12, 1 ledd, 2 pkt.:</a>	<b>2.3.2. Opptak av barn i barnehage</b> Å ta avgjerd i om opptak av barn i barnehage	Barnehagefagleg rådgjevar
<a href="#">§ 14, jf. forskrift 29.10.10. nr. 1379</a>	<b>2.3.3. Kommunale tilskot til godkjende, ikkje-kommunale barnehagar</b> Å fatte vedtak om tilskot til ordinær drift av alle godkjente, ikkje-kommunale barnehagar i kommunen	Økonomisjef*
<a href="#">§ 15, jf. forskrift om foreldrebetaling i barnehager, av 16.12.2005. § 3, 3 ledd</a>	<b>2.3.4. Moderasjonsordningar</b> Å fatte vedtak om reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling	Leiar for Kundetorg*
	<b>2.3.5. Tilsynsmynde</b>	

<a href="#">§ 16:</a>	Å føra tilsyn med verksemder etter denne lov. Rådmannen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemder. Dersom fristen for å etterkomme pålegget ikkje vert overhalde, eller dersom forholdet ikkje lar seg retta, kan rådmannen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Rådmannen sitt stengingsvedtak skal sendast fylkesmannen til orient. Vedtak om retting og stenging kan påklagast til fylkesmannen.	Barnehagefagleg rådgjevar
<a href="#">§ 18, 3 ledd</a> , jf. <a href="#">forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder, av 16.12.05.</a>	<b>2.3.6. Dispensasjon frå utdanningskrav m.m.</b> Å ta avgjer i saker innanfor barnehagelova sine rammer vedk. dispensasjon frå utdanningskravet for styrar/pedagogisk leiar i barnehage, jf. <a href="#">forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder, av 16.12.05.</a>	Barnehagefagleg rådgjevar

## 2.4. Barnevernloven

Lov om barneverntjenester av 17.07.92. nr. 100

<a href="#">§ 2-1, 2 ledd:</a>	<b>2.4.1. Internkontroll</b> Å ha internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med lov eller i medhald. Sjå <a href="#">forskrift om internkontroll etter barnevernloven § 1</a> og <a href="#">Veileder om internkontroll i barnevernstjenesten i kommunen, kap. 4.</a>	Leiar for Barnevernstenesta
<a href="#">§ 2-1, 3 ledd:</a>	<b>2.4.2. Leiar for barnevernet</b> Å peike ut leiar og stedfortredarar for barnevernstenesta	Vert ikkje delegert
Samarbeidsavtalen pkt. 2	<b>2.4.3. Vedtak etter barnevernloven</b> Å fatte vedtak etter barnevernloven, herunder vedta rettsleg prøving av vedtak i fylkesnemnda, samt påanke	Leiar for Barneverntenesta
<a href="#">§ 4-22, jf. forskrift om fosterhjem § 8</a>	<b>2.4.4. Tilsyn med born i fosterheim</b> Å føre tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet fram til barnet fyller 18 år	Leiar for Stord kommune si barnevernteneste

## 2.5. Brann- og eksplosjonsvernloven

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver, av 14.06.02. nr. 20

<a href="#">§ 13, 1 ledd</a>	<b>2.5.1. Særskilt brannobjekt</b> Å fatta vedtak om registrering som særskilt brannobjekt	Brannsjef
<a href="#">§ 13, 4 ledd:</a>	<b>2.5.2. Tilsyn med andre byggverk</b> Å fatta vedtak om tilsyn med andre byggverk enn særskilte brannobjekt	Brannsjef
<a href="#">§ 14, 1 ledd:</a>	<b>2.5.3. Ytterlegare sikringstiltak og beredskap</b> Å fatta vedtak om ytterlegare sikringstiltak og beredskap	Brannsjef
<a href="#">§ 32:</a>	<b>2.5.4. Lokal tilsynsmynde</b> Å føra tilsyn etter lova	Brannsjef
<a href="#">§ 37, 1 ledd:</a>	<b>2.5.5. Pålegg</b> Å fatta vedtak om pålegg som er naudsynt for gjennomføring av reglane i lova	Brannsjef
<a href="#">§ 37, 2 ledd:</a>	<b>2.5.6. Stanse eller forby bruk</b> Å fatte vedtak om heilt eller delvis å stanse eller forby bruk, der pålegg ikkje er oppfylt	Brannsjef
	<b>2.5.7. Stanse eller forby bruk ved overhengande fare</b>	

<a href="#">§ 37, 3 ledd:</a>	Å fatte vedtak om å stanse eller forby bruk, der pålegg ikkje er gjeve (overhengande fare)	Brannsjef
<a href="#">§ 38:</a>	<b>2.5.8. Tilbakekall av produkt m.m.</b> Å fatte vedtak om tilbakekall av produkt m.m.	Brannsjef
<a href="#">§ 39:</a>	<b>2.5.9. Tvangsmulkt</b> Å fatte vedtak om tvangsmulkt	Brannsjef
<a href="#">§ 40:</a>	<b>2.5.10. Tvangsgjennomføring</b> Å fatte vedtak om tvangsgjennomføring – forelegg	Brannsjef

## 2.6. Eierseksjonsloven

Lov om eierseksjoner, av 23.05.97. nr. 31

<a href="#">§ 5</a>	<b>2.6.1. Innvilge seksjonering</b> Fatta vedtak om å innvilge seksjonering av eigedom	Leiar for RBO*
<a href="#">§ 8, 1 og 2 ledd</a>	<b>2.6.2. Nekte seksjonering</b> Fatta vedtak om nekte seksjonering av eigedom	Leiar for RBO*
<a href="#">§ 12, 1 ledd</a>	<b>2.6.3. Deling og asamanslåing av seksjonar</b> Fatta vedtak om reseksjonering av eigedom som ikkje rører eller reduserer fellesareal	Leiar for RBO*
<a href="#">§ 13, 1 ledd</a>	<b>2.6.4. Reseksjonering i andre tilfelle</b> Fatta vedtak om reseksjonering i andre tilfelle enn nemnd i § 12	Leiar for RBO*

## 2.7. Film og videogramlova

Lov om film og videogram av 15.05.87. nr. 21

<a href="#">§ 2:</a>	<b>2.7.1. Framsyning av film eller videoprogram i næring</b> Å tildele løyve for framsyning av film eller videogram i næring. Obs. ny lov med verknad frå 01.01.11.	Leiar for Kulturtenester*
----------------------	--	---------------------------

## 2.8. Folkehelseloven

Lov om folkehelsearbeid av 24.06.11. nr. 29

<a href="#">§ 9:</a>	<b>2.8.1. Tilsynsmynde</b> Å føra tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til eikvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse, jf. <a href="#">§ 8</a>	Kommunelegen
<a href="#">§ 10, 1 ledd:</a>	<b>2.8.2. Meldeplikt og godkjenning</b> Å godkjenne verksemder som kan ha innverknad på helse, før eller ved iversetjing	Kommunelegen
<a href="#">§ 10, 3 ledd:</a>	<b>2.8.3. Stansing</b> Å krevje verksemd stansa dersom godkjenning ikkje ligg føre	Kommunelegen
<a href="#">§ 11, 1 ledd:</a>	<b>2.8.4. Helsekonsekvensvurdering</b> Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd, eller den som er ansvarleg for forhold ved eigedom, for eigen rekning å utgreie mogelege helsemessige konsekvensar av tiltaket eller forholdet	Kommunelegen
<a href="#">§ 12, 1 ledd:</a>	<b>2.8.5. Opplysningsplikt ovanfor kommunen</b> Å gje pålegg til den som planlegg eller driv verksemd som kan ha innverknad på helse, ei plikt til, utan hinder av teieplikt, å gje kommunen dei opplysningane som er naudsynte for at den kan utføra sine gjeremål etter kap. 3. Når særlege grunnar tilsier det, kan kommunen krevje at opplysningane vert gjeve av einkvar som utfører arbeid for den som har opplysningsplikt etter første punktum	Kommunelegen
<a href="#">§ 12, 3 ledd:</a>	<b>2.8.6. Opplysningsplikt ovanfor ålmenta</b> Å gje pålegg til den ansvarlege for eigedom eller verksemd som nemnt i første ledd, plikt til å gje ålmenta, kundar eller andre opplysningar om forhold ved eigedomen eller verksemda som kan ha innverknad på helse.	Kommunelegen
	<b>2.8.7. Gransking</b>	



<a href="#">§ 13, 1 ledd:</a>	Å fatte vedtak om gransking av eigedom eller verksemd for å ivareta kommunen sine oppgåver etter kap. 3.	Kommunelegen
<a href="#">§ 14, 1 ledd:</a>	<b>2.8.8. Retting</b> Å fatte vedtak om retting av forhold ved ein eigedom eller verksemd i kommunen dersom forholda direkte eller indirekte kan ha negativ innverknad på helse eller er i strid med reglane i kap. 3.	Kommunelegen
<a href="#">§ 15, 1 ledd:</a>	<b>2.8.9. Tvangsmulkt</b> Å fatta vedtak om tvangsmulkt (i form av eingongsmulkt eller løpande dagmulkt) ovanfor adressaten, ved oversitting av frist for å oppfylle pålegg om retting av forhold etter § 14.	Kommunelegen
<a href="#">§ 16:</a>	<b>2.8.10. Stansing</b> Å fatta vedtak om stansing dersom det oppstår forhold ved ei verksemd eller eigedom som medfører ein overhengjande fare for helseskade. Vedtaket kan gjelde stansing av heile eller deler av verksemda eller aktiviteten inntil forholda er retta eller faren er over.	Kommunelegen
<a href="#">§ 17, 1 ledd:</a>	<b>2.8.11. Overtredingsgebyr</b> Å leggje overtredingsgebyr ovanfor den som forsettleg eller uaktsomt overtrer reglane i §§ 10-14 og 16 Det same gjeld ved overtreding av forskrifter gjeve i medhald av §§ 8 og 10 når det er fastsett i forskrifta at overtreding kan medføre slik sanksjon.	Kommunelegen

## 2.9. Forurensingsloven

Lov om forurening og avfall, m.m. av 13.03.81. nr. 6

<a href="#">§ 7, 4 ledd:</a>	<b>2.9.1. Pålegg om tiltak for å hindre forureining</b> Å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa verknader av forureining innanfor kommunen sitt mynde- og ansvarsområde	Rådmannen i Fitjar*
Forurensningsforskriften, jf. <a href="#">lova § 11</a> <a href="#">Forskrifta § 12-2:</a>  <a href="#">§§12-5, jf. 12-3:</a> jf. <a href="#">lokal forskrift erst. §§ 12-7 til 12-13:</a>  <a href="#">§12-13, jf. lova § 18:</a>	<b>2.9.2. Tilsyn og regulering av utslepp under 50 PE</b>  Å vera tilsynsmynde for kap. 12 og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av kap. 12 vert følgt.  Å treffa vedtak i høve til søknader om separate utslepp inntil 50 PE, jf. forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland, av 16.10.08. jf. § 12-6. Erstattar krava i § 12-7 til 12-13 (kriterium til vurdering av § 12-5)  Å treffa vedtak om å oppheva eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating attende	Leiar for RBO*
<a href="#">Forurensningsforskriften § 13-2:</a>  <a href="#">§ 13-5:</a>	<b>2.9.3. Tilsyn og regulering av utslepp over 50 PE</b>  Å vera forureiningsmynde for dette kap. og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av dette kap. vert følgt.  Å treffa vedtak i høve til søknader om utslepp over 50 PE	Leiar for vatn og avlaup*

<a href="#">§ 13-17:</a>	Å fatte vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake.	
<a href="#">Forurensningsforskriften § 15-2, jf. lova § 18:</a>  <a href="#">§§15-5, jf. 15-7:</a>  <a href="#">§ 15-8:</a>  <a href="#">§ 15A-2</a>	<b>2.9.4. Krav til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn</b> Å vera forureiningsmynde for dette kap. og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av dette kap. vert følgt  Å fatta vedtak i søknad om utslepp av oljehaldig avlaupsvatn  Å fatte vedtak om å oppheve eller endre vilkår i tillating og om naudsynt kalle tillating tilbake.  Å vera forureiningsmynde etter § 15A-4 og føre tilsyn med at reglane og vedtak fatta i medhald av denne regelen vert følgt	Leiar for vatn og avlaup*
<a href="#">§ 22, 2 ledd:</a> <a href="#">§ 23, 1 ledd:</a> <a href="#">§ 26, 5 ledd:</a>	<b>2.9.5. Avfall</b> Å krevje omlegging eller utbetring av stikkleidning Å fatta vedtak om at avlaupsvatn kan ledast inn i ein annan sitt avlaupsanlegg Å krevje utkopling av slamavskiljarar	Leiar for vatn og avlaup*
<a href="#">§ 30, 2 ledd, 2 pkt.:</a>	<b>2.9.6. Unntak frå kommunal innsamling</b> Etter søknad fatta vedtak om å unnta bestemte eigedomar frå den kommunale innsamlinga	Leiar for vatn og avlaup*
<a href="#">§ 35, 4 ledd:</a>	<b>2.9.7. Avfallshandtering ved utfartsstader m.m.</b> Å gje pålegg som er naudsynte til gjennomføring av reglane i § 35 første og tredje ledd om avfallshandtering ved utsalsstader, turistanlegg, utfartsstader m.m	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§ 37, 1 ledd, 1 pkt. jf. § 28:</a>	<b>2.9.8. Pålegg om rydding av bilvrak og liknande</b> Å gje pålegg om å rydda avfall eller betala for opprydding	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§ 37, 1 ledd, 2 pkt. jf. § 35, 1 eller 3 ledd:</a>	<b>2.9.9. Pålegg om rydding av restaurantavfall o.l.</b> Å gje pålegg om å fjerne avfall, rydde opp innan en viss frist, eller at han skal dekke rimelege utgifter som nokon har hatt til fjerning eller opprydding. Dette gjeld ved overtreding av § 35, 1 eller 3 ledd dersom dette har ført til at avfallet er blitt spreidd.	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§ 46, 2 ledd:</a> <a href="#">§ 47:</a>	<b>2.9.10. Pålegg om assistanse ved akutt forureining</b> Å setja i verk tiltak mot akutt forureining Å gje pålegg om assistanse ved akutt forureining mot dei som har beredskapsplikt	Leiar for vatn og avlaup*
<a href="#">§§ 48, jf. 28:</a>	<b>2.9.11. Tilsyn med forureining og avfall</b> Å utøve tilsyn med den allmenne ureinings situasjonen	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§ 49:</a>	<b>2.9.12. Opplysningsplikt</b> Å treffa vedtak om opplysningsplikt slik at forureiningsstyresmakta kan innhente opplysningar som er naudsynte i ei forureinings sak	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§§ 50 jf. også 28:</a>	<b>2.9.13. Rett til gransking</b> Å foreta gransking	Rådmannen i Fitjar*
<a href="#">§§ 51, jf. også 28:</a>	<b>2.9.14. Pålegg om undersøking</b> Å gje pålegg om undersøking for å finne ut om det er forureining på eigedomen	Vert ikkje delegert

<a href="#">§ 73:</a>	<b>2.9.15. Tvangsmulkt</b> Å fatta vedtak om tvangsmulkt til staten for å sikre at lovreglane eller vedtak i medhald av lova vert gjennomført, kan forureiningsmynda fatta vedtak om tvangsmulkt til staten	Vert ikkje delegert
<a href="#">§ 74:</a>	<b>2.9.16. Umiddelbar gjennomføring ved forureiningsmynde</b> Å gjera vedtak om umiddelbar gjennomføring av pålegg gjevne i medhald av § 7, 4. Ledd som ikkje vert etterkomne av den ansvarlege	Vert ikkje delegert
<a href="#">§§ 78, 3 ledd og 79, 3 ledd:</a>	<b>2.9.17. Krav om offentleg påtale</b> Å krevja påtale ved forureining og ulovleg handtering av avfall	Vert ikkje delegert
<a href="#">§ 83:</a>	<b>2.9.18. Generell delegasjon av mynde</b> Å forvalte mynde etter lova av ikkje prinsipiell karakter	Vert ikkje delegert

## 2.10. Friluftsløva

Lov om friluftslivet av 28.06.57. nr. 16

	<b>2.10.1. Lova sin hovuddel – saker lagt til kommunen</b> Å ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell art så langt lova tillet det	Leiar for eigedom*
--	--	--------------------

## 2.11. Gravferdslova

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdslova), av 07.06.96. nr. 32

<a href="#">§ 9:</a>	<b>2.11.1. Kven sørger for gravferda</b> Å gjera vedtak om kven som skal sørge for gravferda når det er usemje om dette	Kommuneadvokaten*
----------------------	--	-------------------

